



Saksframlegg

Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Bakgrunn for saka: I samband med innføring av ny opplæringslov for grunnskule, skal alle kommunar lage og godkjenne lokale forskrifter på nokre område. Ein har lagt malane som er publisert av Utdanningsdirektoratet som grunnlag. Etter gamal opplæringslov er det gjort unntak frå kunngjeringskravet i Norsk Lovtidend (Lovdata) i forvaltningslova § 38 for fleire lokale forskrifter. Dette unntaket er fjerna i den nye opplæringslova. Det betyr at kommunane og fylkeskommunane skal kunngjere fleire forskrifter i samband med lova som trådte i kraft 1. august 2024. Lokale forskrifter som gjeld frå og med hausten 2024 bør i så stor grad som mogleg bli fastsett og kunngjerast etter ny lov. Lokale forskrifter etter gamal lov kan likevel framleis gjelde.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for oppvekst og utdanning;

Ha fokus på barn og unge si fysiske og psykiske helse og livsmeistring.

Legge til rette for dialog med barn, unge og føresette.

Tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggjande tiltak.

Alle skular må ha ei forskrift om skulereglar. Dette er eit viktig dokument som både elevar, tilsette og foreldre skal samarbeide om og kome med innspel til. Skulereglar skal vere eit styringsdokument for alle partar og skal vere førebyggjande for eit trygt og godt skulemiljø for alle.

I mars 2021 vedtok samarbeidsutvalet på Gimle skule ei lokal forskrift på ordensreglar. Forskrifta har vore gjeldande sidan då og den nye forskrifta er bygd hovudsakleg på denne. I perioden mellom 2021 og 2025 har både skulemiljø og lovverk utvikla seg slik at det er nødvendig med nokre tillegg og endringar. Desse nye punkt vises i grønt, slik at dei er lette å sjå.

Dessutan er det krav om at forskrift om skulereglar nå skal leggest ut på Lovdata.

Dette er endringane:

Under § 8 er det lagt inn eit eige avsnitt i grønt, då det frå 01.08.2025 kom ei presisering av § 13-4 i Opplæringslova som seier at

«Tilsette i skolen, leksehjelpa og skolefritidsordninga kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev

- a. krenkjer ein person fysisk eller psykisk eller utsett seg sjølv for fysisk fare*
- b. skader eigedom*
- c. viser ei åtfærd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv*
- d. vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar*

Det fysiske inngrepet kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.»

I denne samanheng er arbeidet med trygt og godt arbeidsmiljø og skulemiljøteam viktig og førebyggjande.

§ 9 Eigen paragraf om melding til politiet.

At alvorlege og straffbare forhold vil bli meldt til politiet vert flytt frå tidlegare prikkpunkt og sett som eigen paragraf for å tydeleggjere alvoret.

Under § 13 er det lagt inn eit nytt punkt 5 og 6, jamfør Opplæringslova og Administrativt delegeringsreglement. Dette for å presisere at det er rektor som gjer vedtak om bortvising, medan det er kommunalsjefen for kultur og oppvekst som gjer vedtak om skulebytte.

Elles er det under andre punkt vist til paragrafar i Opplæringslova og ord forskrifta skal heite skulereglar og ikkje ordensreglement.

Konklusjon:

Forskrifta må ut på høyring i forkant av godkjenning. Høyringsfristen for forskrifter er vanlegvis 6 veker. Høyringsinnspel vil så bli vurdert og lagt fram for kommunestyret i samband med endeleg godkjenning. Forskrifta skal leggst ut på Lovdata etter at den er godkjent av kommunestyret.

Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg legg forskrifta ut på høyring til Gimle skule ved tilsette, elevråd og leiar for Foreldreutvalet. Samarbeidsutvalet representerer både tilsette, foreldre og elevar og er også eit naturleg utval å sende høyringa til.

Foreldreutvalet og Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om alle saker som gjeld skulen, inkludert høyringsframlegg som skulen får.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune leggst ut på høyring. Høyringsfrist blir sett til 29.01.26.

Endeleg godkjenning av forskrifta gjerast av kommunestyret.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst